

## Oppdatert rapport ift delutbetaling i februar 2022

Ref: 2020/13001, Agros 130676

Formål med prosjekt og resultatmål:

- Oppretthalde / auke talet på stølar i drift
- Setja fokus på stølsdrifta som kulturbærar og kulturlandskapspleiar.
- Skape nettverk og fellesskap som er viktig i den enkelte sin kvardag
- Ta vare på og bringe vidare kunnskapen til dagens budeier
- Stimulere til at flest mogeleg held fram med stølsdrift etter eit generasjonsskifte /bruksoverdraging
- Opprette kanalar for kommunikasjon mellom dei som ønskjer å vere budeie /budør og dei som har trong for arbeidshjelp til stølsdrift
- Finne teknologiske løysingar som kan lette arbeidet i stølskvardagen
- Auke kunnskap og forståing for stølsdrift og norsk landbruk

Svært mykje må gjennomførast i 2022, fordi prosjektet er vorte forsinka og gjort vanskeleg pga covid-19 pandemien. Noko er konkret t.d. foredrag om generasjonsskifte om våren og fagtur om hausten. Anna er meir omfattande t.d. revidering av stølsrettleiar i løpet av året. Rapportering vil også krevje sitt. Det kan vere aktuelt å måtte utvide prosjektet ut 2023 pga pandemien, fordi det syner seg at fysiske møte er naudsynt for å få eit godt resultat. Ein kjem i så fall attende til dette. Svært mykje må gjennomførast i 2022, fordi prosjektet er vorte forsinka og gjort vanskeleg pga covid-19 pandemien. Noko er konkret t.d. foredrag om generasjonsskifte om våren og fagtur om hausten. Anna er meir omfattande t.d. revidering av stølsrettleiar i løpet av året. Rapportering vil også krevje sitt. Det kan vere aktuelt å måtte utvide prosjektet ut 2023 pga pandemien, fordi det syner seg at fysiske møte er naudsynt for å få eit godt resultat. Ein kjem i så fall attende til dette.

Tiltak i stølsprosjektet som står att og skal gjennomførast i 2022:

- Foredrag om generasjonsskifte, fokus på stølsdrift – gjennomføring vinter 2022
- Film som syner støslivet (5-10 min), til motivasjon – filming sumar 2022, sluttarbeid og lansering haust 2022
- Lærlingeordning med studieplan på stølar (2-3 stk) – 2 stk planlagt gjennomført sumar 2022
- Inspirasjonstur, aktivt stølsområde i Valdres – gjennomføring sumar /haust 2022
- Samarbeid med forskingsmiljø /ny teknologi – gjennomføring haust 2022
- Nettverksbygging og organisering – konklusjon og gjennomføring i 2022
- Fleire arbeidsmøter og møter i styringsgruppa
- Rapportering og tilråding – sein haust 2022

I august 2020 gjennomførte ein seminar og stølsdrift på Fagerdalen støl med 35 deltakarar, og ein fekk gjort ein god workshop med fleire nyttige innspel og idear ifm vidare gjennomføring. Odd Magne Harstad (NMBU) heldt ein svært godt innlegg og uttrykte interesse for å knyte

prosjektet til forskingsmiljø seinare. Eit delprosjekt ift samfunnsøkonomien ved stølsdrift, Økonomisk berekraftig stølsdrift i Øvre Buskerud, er gjennomført i 2020 /2021 samarbeid med NIBIO og sluttrapport er levert (finansiert av Forskingsrådet). Resultatet skal integrerast i dette prosjektet.

Det var stor interesse for å melde seg på lærlingeordninga og 2 stk stølar deltok i opplegget. Attendemeldingane er gode og det er aktuelt å vidareføre dette i 2022. Det er aktuelt å søkje om fjellandbruksmidlar til å vidareføre denne ordninga. Sumaren 2021 byrja ein også arbeidet med å lage film om stølsdrift med tanke på vidare filming og fullføring til neste år.

Utførte tiltak i stølsprosjektet pr. 1. november 2021:

- Seminar om stølsdrift, for samhold og inspirasjon – gjennomført i august 2020 (1 heil dag, 35 deltakarar)
- Lærlingeordning med studieplan på stølar (2-3 stk) – 2 stk gjennomført sumar 2021
- Film som syner stølslivet (5-10 min), til motivasjon – oppstart sumar 2021, utkast og planlegging haust 2021
- Nettverksbygging og organisering – oppstart haust 2021
- Fleire arbeidsmøter og møter i styringsgruppa (ny prosjektleiar frå 1. november 2021)

Covid-19 pandemien har gjort det vanskeleg med utsett og redusert gjennomføring av fleire tiltak. Derfor er kostnadane etter 1,5 år av prosjektet berre på 26 % av kostnadsoverslaget så langt. Ein del eigeninnsats m.a. i lærlingeordninga og nettverksbygging har ikkje kommunen oversyn over så langt, derfor er det nok meir reelt at 35 % av kostnadane er påløpt no. Ein reknar med at arbeidet vert intensivert i 2022, særleg sumar og haust.

Styringsgruppa har hatt tre (3) møter i 2020 og 2021, alle har vore digitale pga covid-19 pandemien. I tillegg har nokre seminar og fagmøter vore digitale, medan nokre få har vore fysiske. Gardbrukarar og dei som driv stølsdrift er oftast ikkje vand med slik møteform, og det har vore vanskeleg både å få dei til å delta aktivt og til å delta i det heile teke. Pandemien og smitteverntiltak har i praksis gjort gjennomføring av prosjektet mykje vanskelegare. Administrativt tilsette i Hol og Ål kommune har gjort veldig mykje pga dette.

I tillegg har ein vore uheldig med vald prosjektleiar i Buskerud Næringshage, sjølv om ein gjorde ein fullgod anbudsprosess i Doffin. Den fyrste prosjektleiaren fekk stadig dårlegare tid, og ho slutta i 2021. Deretter tok ei anna over, før ho også slutta. Seint på hausten tok ein tredje over, men ho

sluttar no snart. Ein fjerde prosjektleiar byrjar i mars, og me håpar at ho kjem til å vere i jobben i alle fall til dette prosjektet er over.

<https://www.grøntfagsenter.no/event/stolsdrifta-i-framtidas-landbruk/>

<https://nibio.brage.unit.no/nibio-xmlui/handle/11250/2756528>

Prosjektrekneskap så langt

<u>Tittel</u>	Godkjent	Akkumulert	Rest
Eigeninnsats lærlingordning		126 000	<input type="text" value="50 000"/> 76 000
Eigeninnsats nettverk		168 000	<input type="text" value="40 000"/> 128 000
Eigeninnsats styringsgruppe		33 600	<input type="text" value="12 250"/> 21 350
Film		80 000	<input type="text" value="75 880"/> 4 120
Inspirasjonstur		50 000	<input type="text"/> 50 000
Lærlingeordning med studieplan i 2021 og 2022		90 000	<input type="text" value="45 000"/> 45 000
Nettverksbygging og organisering av nettverket		60 000	<input type="text" value="20 000"/> 40 000
Prosjektleiing		550 000	<input type="text" value="156 988"/> 393 012
Stølsseminar		0	<input type="text"/> 0
Uforutsette utgifter		42 400	<input type="text"/> 42 400
	<b>Sluttsum:</b>	<b>1 200 000</b>	<b>400 118</b> <b>799 882</b>